



Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Deres ref.:

Vår ref.:  
20/2419 - 38 / LIINJO

Dato:  
23.04.2021

## Tilsvar på uttaler, dispensasjonssøknad SGS4 - ny Alversund skule

Kommentarer til uttale frå Vestland fylkeskommune 18.03.21 (Saksnr. 2021/6664-2) og Statens Vegvesen 15.03.21 (saksnr. 21/38621-2)

Alver kommune v/ prosjekteininga har vore opptatt av å finne ei løysing for SGS4 som sikrar trygg skuleveg for elevar frå vestre side av Alverstraumen. Situasjonen i dag, der elevar kan gå gjennom utearealet på bensinstasjonen i Alversund, er ikkje trafiksikkert. Dette må løysast.

Løysinga vi no har arbeidd ut i samband med skuleprosjektet vil vere midlertidig. Det er i gang planarbeid knytt til ny Alversund bru, der vi veit at trafikkkløysing også for mjuke trafikantar vil handsamast. Planane er ikkje ferdige og vi ser det som sannsynleg at løysingane vi planlegg no vil måtte endrast eller justerast. Etablering av SGS4 gjev omfattande inngrep i private hagar og eigedommar. Inntil det er avklart korleis den permanente løysinga for gåande, syklande og bilistar skal vere i området rundt Alversund bru, meiner vi at ei tilpassa løysing, der vi både gjer skulevegen tryggare og betre for mjuke trafikantar og bilistar vil vere riktig.

Målet er ei trafiksikker løysing som kan nyttast av alle, fram til nytt vegsystem kring ny bru over Alverstraumen kjem på plass. Løysinga må vere trafiksikker. Brukarhensyn må ivaretakast, og det må vere mogleg for rullestolbrukarar og barnevognar å nytte traseen. Vi meiner at omfanget på foreslått løysing ivaretar balansen mellom ei midlertidig løysing og ei trafiksikker løysing som kan nyttast for alle.

Vestland Fylkeskommune og Statens Vegvesen påpeiker at framlegget ikkje er universert utforma, og Vestland Fylkeskommune reagerer og på at SGS4 er redusert til ein gangpassasje, i plassen for ein fullgod gang- og sykkelveg med 4,5 meters breidde slik vist i områdeplanen.

Det er mogleg å justere terrenget på siste halvdel av strekket mot Nedre Alver noko, og det vil få god effekt på stigningstilhøva. Revidert teikning viser no ei maks stigning på det strekket på ca. 7 %. Det er innanfor krav til universell utforming.

Vidare kommenterer også Vestland Fylkeskommune at SGS4 er redusert til ein gangpassasje, og at løysinga må optimaliserast. Ei endring i stigning eller siktforhold ved avkøyrsla til bensinstasjonen Gabben / 137/14 er vanskeleg å få til, det krev store inngrep. Grunna kommunedelplan som overstyrer områdeplan i dette området, har kommunen ikkje heimel til ekspropriasjon for å etablere SGS4. Kommunen er avhengig av ei løysing som grunneigarane godtek. Det vert allereide store inngrep for grunneigarane, og det har vore ei krevjande prosess å få semje om foreslått løysing. Sjølv om stigninga på eit lite strekk er vel 10 %, er strekket så kort at vi meiner det er akseptabelt som ei midlertidig løysing – både med tanke på rullestolbrukarar og barnevognar.

Trafikktryggleik og universell utforming er ivareteke for å sikre alle brukarar ein betydeleg betre tilkomst enn i dag.

Dersom det skulle vise seg at denne gangpassasjen blir ei permanent løysing, må det gjerast tiltak som hever kvaliteten på SGS4.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Inger Marie Jordal  
Ingeniør  
Prosjekt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til**

Anne Lise Molvik  
Line Merete Valle

**Vedlegg**

D306 - rev.13.04.21

1548283 23.04.2021

**Mottakere**

Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG